



## Vert det lysare tider snart?

Det har snart gått eit heilt år der born, unge og lærarar har teke sin del av støyten av Korona-tiltaka. Saker i media vitnar om ein krevjande situasjon. Mange argumenterer for å avlysa skriftlege eksamenar fordi undervisningsgrunnlaget har vore så varierende, og lærarorganisasjonar rapporterer at lærarar er redde for å verta smitta og slitne på grunn av ekstraarbeidet Korona-situasjonen medfører. Då er det kjekt at dette nummeret kan retta søkjeljoset mot noko positivt: Holmboeprisen som heidrar ein matematikklærer eller ei gruppe med matematikklærarar for særleg godt arbeid med undervisning.

Anne Seland vart tildelt Holmboeprisen 2020. Ho er lærar ved Flekkefjord videregående skole og underviser matematikk både på yrkesfag og studieførebuande. Norsk Matematikkråd er ansvarlege for å dela ut Holmboeprisen, og leiaren Antonella Zanna har skrive ein fin omtale av Seland. Holmboekomitéen gav òg heiderleg omtale til Ellen Egeland Flø for hennar arbeid ved Mailand videregående skole. Flø har no starta på ei doktorgrad om programmering i matematikkundervisning, og i dette nummeret skriv ho om mange konkrete forslag til korleis ein kan arbeida med programmering i tråd med kompetansemåla i læreplanen.

Me veit at mange lesarar set pris på tekstar som er skrivne av lærarar. I dette nummeret

skriv Beate Hatle Amundsen frå Ulsteinvik barneskule og Annemieke Paulsen frå Stange skole om korleis ein kan arbeida med forståing av funksjonar med dei yngste elevane. Begge lyfter fram korleis arbeid med ulike representasjonar som talsymbol, tabellar, teikningar, munnlege forklaringar og samtale kan hjelpe elevar på 1. og 2. trinn til å identifisera mønster som begynnande algebra- og funksjonstenking.

Kari-Anne Bjørnø Rummelhoff har intervjuet elevane sine i 10F ved Gressvik ungdomsskole om deira tankar om matematikkfaget. Teksten er ein del av ein intervju-stafett i Tangenten der born og elevar sine stemmer om matematikk og matematikkundervisning skal høyrast. Det er fleire gode poeng å plukka med seg frå elevane. Dei er klokkeklare på at matematikk er viktig og dei ser positive sider med ulike undervisningsorganiseringar. Det er noko eige ved poeng som at undervisningsfilmar bør lagast av eigen lærar når dei vert språksette med elevar sine ord og vendingar. Når arbeidsdagen handlar om å organisera for undervisning i tråd med korona-vilkår kan det være godt å lena seg litt attende og lesa elevar sine tankar om matematikk og undervisning.